



Notat

Dato: 16.06.2014
Arkivsak: 2014/17720-3
Saksbehandlar: anjsetr

Til: Kjetil Sigvaldsen

Frå: Anja Nordvik Sætre

Fråsegn kulturminne - Høyring konsesjonssøknad Jarlshaug kraftverk, Samnanger kommune

Saka gjeld søknad om konsesjon for bygging av Jarlshaug kraftverk i Samnanger kommune i Hordaland fylke. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne innafor planlagd trase for Jarlshaug kraftverk i våre arkiv. Det er eit tidligare registrert automatisk freda kulturminne like ved traseen, ein gravhaug med id 96132. Denne vil i følgje søknaden ligge om lag 15 meter unna rørtrase. I tillegg ligg det to Sefrak-registrerte bygningar i området rundt elva.

Vurdering og tilråding

Konsekvensvurderinga er tilfredstillande når det gjeld kulturminnetema, men manglar ei vurdering av potensial for funn av hittil ikkje kjende kulturminne.

Det er eit visst potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Tiltaket beskrivast utførd med nedgravne trykkrøyr. Det vil vere behov for å avklare størrelsen på inngrepet i nærleiken av den registrerte gravhaugen, mellom anna bredda på anleggsområdet for traseen, slik at dette ikkje skjemmer eller skader kulturminnet.

Detaljplan med alt planlagt inngrep av varige og mellombelskarakter må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune som regional styresmakt innan kulturminnevern. Dersom det vert avdekkja konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Til vedtak:

Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Forholdet til freda kulturminne nær tiltaksområde må avklarast før iverksetjing av tiltak og desse må merkast godt under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.

